

06.01.2010

I kveld kjem julebukkane!



Julebukkar på Neset for få år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Der eg kjem ifrå var det i romjula dei gjekk julebukk og i Bergen går dei visst på nyårsafta, men her i Uskedalen skjer det 13. dag jul og det tyder at det er i kveld, onsdag 6. januar. Ta godt i mot dei når dei kjem!

Dei som går innom SPAR kan i alle fall ikkje unngå å bli minna om at dette er dagen, for der er det oppslag om å hugsa julebukkane. Oppmodinga står i tett tilknytning til godsakene....

Dette er ein fin, norsk tradisjon i motsetnad til halloween-tradisjonen som tar til å vinna innpass også hos oss. Og tradisjonen er slett ikkje på retur, no kan ein til og med finna noko som heiter Julebukkens venner på nettet! Opprinneleg, står det å lesa i venespalta, var dette ein tradisjon som kom til fordi folk ville forvisse seg om at alle hadde det bra i jula. Sambygdingane gjekk frå gard til gard for å sjekka at alt var iorden.

Den tradisjonen som vi praktiserar her i landet vart innført rundt 1800. Då vart det vanleg at dei unge i bygda gjekk i opptog med bukken som sentrum. Og bukken var som regel ei lang stong med dyrehovud. Dei som gjekk i opptoget var også utkledde, nokre stader var gutane utkledde som jenter og omvendt. Som beløning fekk dei servert mat og drikke.

Men kor kjem eigentleg tradisjonen frå?

Nokre meiner at den har med hausttakkefesten å gjera og at dei slakta ein bukk til jul i håp om eit godt år. Kan hende er det difor at deibar med seg eit bukkehovud på skaft då dei gjekk julebukk i gamle dagar. Då kom ikkje julebukkane lydlauast, dei bles i bukkehorn, tuta i lur og brekte som bukkar. Bukkane som kjem no innskrenkar seg stort sett til ein julesang.

Vi gler oss til ein varmande bukkevisitt i kaldveret!

Av Ola Matti Mathisen



SPAR-påminning nær godsakene..(Foto: Ola Matti Mathisen)